

Programevaluering av masterprogrammet i barnevern

HEMIL-senteret

Det psykologiske fakultet

Innleiing

Programevalueringar er ein del av Universitetet i Bergen (UiB) si kvalitetssikring av studieprogramma. Ifølgje UiB si handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia (studiekvalitetshandboka) skal studieprogramma bli evaluerte minst kvart femte år. Programevalueringane skal normalt ha form av sjølvevaluering. Hausten 2015 blir det derfor gjennomført sjølvevaluering av masterprogrammet i barnevern. I tillegg leverer programsensoren sin eigen rapport 1. desember 2015.

Studiekvalitetshandboka tilrår at følgjande element skal vera ein del av programevalueringa:

- studieprogrammet sin profil og struktur, førekomst av felles undervising og emne spesielt utvikla for studieprogrammet, høve til studieopphald i utlandet, faglege og sosiale aktivitetar
- om val av undervisings- og vurderingsformer er i tråd med fastsett læringsutbytte for studieprogrammet
- praktisk gjennomføring
- søkjartal/studieplassar, gjennomføring, strykprosent og fråfall
- karakterfordeling
- ressurstilgang
- kommentarar til studentevalueringane
- studieinformasjon og dokumentasjon
- tilgang til digitale ressursar/hjelpemiddel
- institutt/programleiar si vurdering og forslag til forbetringar

Denne programevalueringa er ei oppfølging av krava i studiekvalitetshandboka og strukturen følgjer derfor elementa ovanfor. Programevalueringa har form av sjølvevaluering. Som grunnlag nyttar evalueringa også programsensorrapportar og dokument knytt til revisjonane av studieplanen i 2012 og 2014.

Innhald

Innleiing	2
1. Studieprogrammet sin profil, struktur og relevans	4
2. Praktisk gjennomføring	4
3. Undervisings- og vurderingsformer	6
4. Søkjartal, karakterfordeling og gjennomføring	7
5. Ressurstilgang.....	11
6. Kommenterar til studentevalueringane	11
7. Studieinformasjon og dokumentasjon	12
8. Tilgang til digitale ressursar og hjelpemiddel	12
9. Programleiar si vurdering og forslag til forbetringar	12
10. Samanfating	13

1. Studieprogrammet sin profil, struktur og relevans

Studieprogrammet fører fram mot graden master i barnevern. Studietida er normert til to år (120 studiepoeng). Masterprogrammet i barnevern skal bidra til å sikra samfunnet sitt behov for eit kunnskapsbasert barnevern ved å utdanne kandidatar som kan tileigne seg, vurdera, integrera og bruka forskingsbasert kunnskap. Masterprogrammet skal utdanne kandidatar som kan nærma seg praksisfeltet på ein fagleg, analytisk og reflektert måte.

Masterprogrammet i barnevern skal vidare medverka til ei kompetanseheving som vil styrka ivaretaking av barnet sitt beste i alle fasane av arbeidet til barnevernstenesta og i tverrfagleg samarbeid om utsette barn. Masterprogrammet gir også trening i å gjennomføre vitskapleg utgreiings- og forskingsarbeid, mellom anna i form av eit større sjølvstendig arbeid i form av ei masteroppgåve. Studiet dannar også eit rekrutteringsgrunnlag for framtidige ph.d.-kandidatar.

Etter fullført mastergrad er kandidatane kvalifiserte for stillingar innan barnevernfeltet, helse- og sosialtenesta og psykisk helsevern eller liknande, der det vert krev kunnskap og kompetanse knytt til for eksempel fagleg arbeid og fagutvikling, leing, systematisk dokumentasjon og evaluering. Med pedagogisk tilleggsutdanning kan kandidatane også vera kvalifiserte til undervisningsstillingar. Mastergrad i barnevern kan også vera grunnlag for søknad til ph.d.-studiar innanfor til dømes barnevern, sosialt arbeid og helsevitskap.

Programmet blei sist lagt om og haustsemesteret 2015 er første gongen ein nyttar den nye strukturen. Studieprogrammet hadde tidlegare opptak annakvart år, men frå 2015 er det opptak kvart år.

2. Praktisk gjennomføring

Masterprogrammet er eit toårig fulltidsstudium med samlingsbasert undervising som går føre seg ved UiB. Det første studieåret tar studentane eitt emne (kvart på 10 stp) om gongen med påfølgjande vurdering (til saman tre emne kvart semester). Studieplanen for masterprogrammet i barnevern blei revidert i 2012 og 2014. Revisjonen av studieplanen i 2012 blei gjort på bakgrunn av tidlegare emneevalueringar, samt ønske om å tilpassa emnetilbodet endå betre til dei aktuelle utfordringane dagens barnevern står ovanfor. Det var også ønske om å kunna tilby eit engelskspråkleg emne (som kunne opnast for utvekslingsstudentar som kjem til UiB), samt å kunna tilby studentane noko valfridom i det første studieåret.

Den reviderte studieplanen frå 2012 la opp til eit masterprogram som utnytta kunnskapane og kompetansen internt på instituttet godt. Tidlegare nytta masterprogrammet i større grad eksterne lærekrefter. Studieplanen for 2013-2015 blei godkjent av fakultetsstyret i desember 2012 og var gjeldande frå og med studentkullet som blei tatt opp hausten 2013. Studieplanen for 2013-2015 var sett saman av følgjande emne:

Programevaluering av masterprogram i barnevern

- Første semester:
 - MABARN301 Omsorgsutøvelse, barns utvikling og beslutninger i barnevernet (15 sp)
 - MABARN308 Samtaler med barn og unge (5 sp)
 - MABARN309 Vitenskapsteori og metode (10 sp)
- Andre semester:
 - MABARN310 Childhood and parenting in diverse contexts (5 sp)
 - MABARN311 Barnet som rettighetsbærer i barnevernet (5 sp)
 - MABARN312 Tiltak i barnevernet, implementering og evaluering (10 sp)
 - MABARN313 Fordypning i metode, etikk og prosjektplan (10 sp)
- Tredje og fjerde semester:
 - MABARN351 Masteroppgåve i barnevern (60 sp)

I 2014 blei studieplanen tatt opp til ny revisjon etter initiativ frå fakultetet. Målet for studieplanendringane var auka studiekvalitet og styrking av institutta sine fagmiljø. Det blei vedtatt ny, felles metodemodul (10 + 10 sp) for masterprogrammet i barnevern og masterprogrammet i helsefremjande arbeid og helsepsykologi. Endringa blei grunngitt med ønskje om auka relevans for studentane, betre studiekvalitet, samt betre utnytting av undervisningsressursane ved instituttet. Metodeemna MABARN309 og MABARN313 blei lagt ned og erstatta med HABA301 og HABA302.

I tillegg utarbeidde fagmiljøet ved masterprogrammet i barnevern i 2014 forslag til ytterlegare revisjon av studieplanen i samråd med instituttleiinga. I tillegg til opprettinga av felles metodemodul innebar studieplanendringa revidering av nokre emne i det første studieåret. MABARN308 Samtaler med barn og unge (5 sp) og MABARN311 Barnet som rettighetsbærer i barnevernet (5 sp) blei slått saman til eitt emne: MABARN315 Barnet som aktør (10 sp). MABARN310 Childhood and Parenting in Diverse Contexts fekk utvida omfang frå 5 til 10 sp og gitt ny emnekode: MABARN316.

Frå hausten 2015 er studieprogrammet no sett saman av følgjande emne:

- Første semester:
 - MABARN314 Omsorgsutøving, barn si utvikling og avgjersler i barnevernet (10 sp)
 - MABARN315 Barnet som aktør (10 sp)
 - HABA301 Vitenskapsteori og metode (10 sp) – felles med masterprogram i helsefremjande arbeid og helsepsykologi
- Andre semester:
 - MABARN316 Childhood and parenting in diverse contexts (10 sp) eller HEFR342 Resource approaches to health and wellbeing (10 sp)
 - MABARN312 Tiltak i barnevernet, implementering og evaluering (10 sp)
 - HABA302 Fordjuping i metode, etikk og prosjektplan (10 sp) – felles med masterprogram i helsefremjande arbeid og helsepsykologi
- Tredje og fjerde semester:
 - MABARN351 Masteroppgåve i barnevern (60 sp)

Studieplanen er dermed sett saman av fem obligatoriske emne, eitt valemne og ei masteroppgåve. Dei obligatoriske emna og valemnet går over første og andre semester. Tre av dei obligatoriske emna er innanfor barnevern (MABARN314, MABARN315 og MABARN312). Desse emna gir studentane ei

kjerne av faginnhald innanfor barnevern. Dei to andre obligatoriske emna, HABA301 og HABA302 er innanfor vitskapsteori, metode og etikk. Desse emna er felles med Masterprogram i helsefag – Helsefremjande arbeid og helsepsykologi. I emnet HABA302 skal studentane også utforma ein prosjektplan for masteroppgåva.

Av valemne kan studentane på masterprogrammet i barnevern og masterprogrammet i helsefag – helsefremjande arbeid og helsepsykologi velja mellom eit emne innanfor barnevern (MABARN316) og eit emne innanfor helsefremjande arbeid (HEFR342). Desse emna er også opne for søknadar frå internasjonale studentar som er på utvekslingsopphald ved Det psykologiske fakultet.

Masteroppgåva i barnevern (MABARN351) går over tredje og fjerde semester og har eit omfang på 60 studiepoeng. Studentane må ha fullført og greidd alle emna frå første studieår før dei kan byrja å arbeida med masteroppgåva. Masteroppgåva skal normalt skrivast som ein monografi, men ein student kan også gjera avtale om å skriva ein vitskapleg artikkel til eit fagfelleverdert tidsskrift.

Når det gjeld høve til studieopphald i utlandet, så har masterprogrammet per i dag ikkje avtaler som gir studentane moglegheit til dette. Dette er det ønskjeleg å få på plass, så dette blir tatt med i det vidare arbeidet med oppbygging av studiet.

3. Undervisings- og vurderingsformer

På masterprogrammet i barnevern blir det nytta varierte undervisingsformer som for eksempel forelesingar, seminar, gruppearbeid, og individuell tilbakemelding på arbeidskrav og oppgaver, der Kark blir nytta aktivt. Etersom studiet er lagt opp med samlingsbasert undervising på alle emna i første og andre semester får studentane både periodar med mykje undervising og periodar med høve til eigenarbeid og fordjuping. Den samlingsbaserte undervisinga gjer at studentane får variasjon i undervisingsformene og gir studentane gode moglegheiter til å komma inn i det faglege miljøet og bli kjent med medstudentane sine. Samlingane gir grunnlag for studentaktiv deltaking i undervisinga og for eksempel bruk av Kark gir høve til kontakt mellom studentane og oppfølging frå studiet også mellom samlingane.

Det er obligatoriske undervisingsaktivitetar i fleire av emna. I emnet MABARN315 skal studentane ta videoopptak av ein barnesamtale. Opptaket blir gjennomgått og analysert i ei mindre gruppe med medstudentar og lærar. Studentane signerer erklæring om teieplikt i forkant. I vitskapsteori- og metodeemna HABA301 og HABA302 skal studentane levera inn tre øvingsoppgåver knytt til læringsmål for det einskilde emnet. I MABARN312 skal studentane gjennomføra ein skriftleg og munnleg presentasjon av eit gruppebasert arbeid. I valemna er det munnleg presentasjon på eit seminar i MABARN316 og deltaking i grupper for problembasert læring (PBL) i HEFR342.

I emna som går i første og andre semester blir studentane vurdert gjennom vurderingsformer som mappevurdering med skriftlege oppgåver, emneoppgåve, heimeeksamen og essay. Vurderingsforma for masteroppgåva er innlevering av masteroppgåve og justerande munnleg.

Dette er og må vera eit pågåande arbeid. Overordna meiner me at me gjennom varierte undervisningsaktivitetar, ein dedikert stab, krav til studentane sin eigeninnsats, skriftlege oppgåver

med tilbakemelding i ulik form, Kark som læringsplattform samt varierte, prosessretta vurderingsformer har eit opplegg som på ein god måte bidreg til fastsett læringsutbytte.

4. Søkjartal, karakterfordeling og gjennomføring

Tala i denne delen av evalueringa er henta frå DBH, med mindre noko anna er nemnt.

Tabell 4.1 Søkjartal og studieplassar:

	Studieplass tilbud	Studieplass akseptert	Studieplass oppmøte
2011	21	19	17
2013	23	21	14
2015	30	30	26

Tabell 4.2 Utfyllande opplysingar om søkjartal frå fakultetsstyret:

	Søkjarar (førsteprioritet)	Kvalifiserte søkjarar (ikkje kvalifiserte)
2013	85 (51)	32 (53)
2015	188 (95)	149 (39)

I 2015 har det vore ein stor auke i tal på søkjarar og studentar som fekk opptak. Det var 188 søkjarar totalt og 95 av desse hadde masterprogrammet i barnevern som førsteprioritet. Av dei 188 søkjarane blei 149 funne kvalifiserte. Fagmiljøet vurderer auken i søkjarar som konsekvens av at opptaksreglementet blei endra våren 2015 og ikkje minst at ein la ned mykje arbeid og ressursar i rekrutteringsarbeid.

Den største endringa i opptaksreglementet er at ein gjekk vekk frå opptakskravet av søkjarar måtte ha bachelorgrad i barnevern, sosialt arbeid/sosionom eller vernepleie. Frå og med 2015 er det også opna for at studentar med bachelorgrad i psykologi, pedagogikk, helsefag eller samfunnsvitskap eller tilsvarande kan få opptak. I tillegg skal masterprogrammet no byrja med årleg opptak i staden for å ha opptak anna kvart år.

Fagmiljøet arbeidde mykje med rekruttering våren 2015. Det blei utforma ny informasjonsbrosjyre, ein deltok på informasjonsmøte både ved UiB og Høgskolen i Bergen, det blei sendt ut informasjon til relevante arbeidsplassar og ein sette inn annonsar i relevante fagblad. Fagmiljøet er nøgde med den store auken i talet på søkjarar og vil ta dette med seg i det vidare arbeidet med rekruttering til studiet.

Tabell 4.3 Gjennomføring i samsvar med avtalt utdanningsplan:

	Gjennomføringsprosent	Gjennomførte studiepoeng	Planlagde studiepoeng
2011	100	1470	1470
2012	78,05	480	615
2013	86,52	1220	1410
2014	123,46	500	405

Med utgangspunkt i utdanningsplanane studentane har inngått blir det rapportert inn planlagde studiepoeng og gjennomførte studiepoeng. Dei gjennomførte studiepoenga syner alle studiepoeng som er greidd i løpet av dette kalenderåret. Tala må sjåast i samband med at programmet fram til 2015 har hatt opptak annakvart år og at studentane skriv masteroppgåve i tredje og fjerde semester.

Strykprosent og karakterfordeling:

Tabellane 4.4 – 4.8 frå DBH syner karakterfordelinga og strykprosenten for emna som inngår i masterprogrammet i barnevern. Publiserte karakterdata i DBH før 2011 inneheld ikkje etterrapporterte karakterar.

Tabell 4.4 Karakterfordeling for 2011

Valgte variabler:
Årstall: 2011 **Semester:** Hele Året **Finans:** Egenfinansiert **Studentkategori:** Studenter **Studienivå:** Alle studienivå

Universiteter ▶ Universitetet i Bergen ▶ Det psykologiske fakultet ▶ Hemil-senteret ▶ Masterprogram i barnevern

Emne	Karakter a		Karakter b		Karakter c		Karakter d		Karakter e		Total	
	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt
Barnet som aktør	2,0	15,4	8,0	61,5	3,0	23,1	-	-	-	-	13,0	100,0
Forskningsmetode, vitenskapsteori og etikk	2,0	25,0	1,0	12,5	3,0	37,5	2,0	25,0	-	-	8,0	100,0
Masteroppgave i barnevern	2,0	25,0	2,0	25,0	-	-	3,0	37,5	1,0	12,5	8,0	100,0
Masteroppgave i barnevern	-	-	5,0	55,6	3,0	33,3	1,0	11,1	-	-	9,0	100,0
Masteroppgave i barnevern	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*
Omsorgsutøvelse og barns utvikling	1,0	7,7	7,0	53,8	5,0	38,5	-	-	-	-	13,0	100,0
Sum	7,0	13,5	23,0	44,2	15,0	28,8	6,0	11,5	1,0	1,9	52,0	100,0

Frå 1. aug. 2015 har vi endret karakterrapportene til å inkludere etterrapporterte karakterdata i årganger f.o.m. 2011.

Rekker der verdien er mindre enn 5 vises med *.

Link: http://dbh.nsd.uib.no/dbhnev/student/karakter_rapport.cfm

Kilde: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD)

Tabell 4.5 Karakterfordeling for 2012

Valgte variabler:
Årstall: 2012 **Semester:** Hele Året **Finans:** Egenfinansiert **Studentkategori:** Studenter **Studienivå:** Alle studienivå

Universiteter ▶ Universitetet i Bergen ▶ Det psykologiske fakultet ▶ Hemil-senteret ▶ Masterprogram i barnevern

Emne	Karakter a		Karakter b		Karakter c		Karakter d		Karakter f		Total	
	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt
Barnevernet i et samfunnsperspektiv	2,0	15,4	4,0	30,8	6,0	46,2	-	-	1,0	7,7	13,0	100,0
Forskningsmetode, vitenskapsteori og etikk	3,0	25,0	4,0	33,3	2,0	16,7	3,0	25,0	-	-	12,0	100,0
Masteroppgave i barnevern	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*
Masteroppgave i barnevern	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*
Sum	5,0	17,9	9,0	32,1	10,0	35,7	3,0	10,7	1,0	3,6	28,0	100,0

Fra 1. aug. 2015 har vi endret karakterrapportene til å inkludere etterrapporterte karakterdata i årganger f.o.m. 2011.
 Rekker der verdien er mindre enn 5 vises med *.
 Link: http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/student/karakter_rapport.cfm
 Kilde: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD)

Tabell 4.6 Karakterfordeling for 2013

Valgte variabler:
Årstall: 2013 **Semester:** Hele Året **Finans:** Egenfinansiert **Studentkategori:** Studenter **Studienivå:** Alle studienivå

Universiteter ▶ Universitetet i Bergen ▶ Det psykologiske fakultet ▶ Hemil-senteret ▶ Masterprogram i barnevern

Emne	Karakter a		Karakter b		Karakter c		Karakter d		Total	
	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt
Masteroppgave i barnevern	2,0	22,2	3,0	33,3	4,0	44,4	-	-	9,0	100,0
Masteroppgave i barnevern	1,0	20,0	1,0	20,0	1,0	20,0	2,0	40,0	5,0	100,0
Omsorgsutøvelse, barns utvikling og beslutninger i barnevernet	4,0	30,8	4,0	30,8	4,0	30,8	1,0	7,7	13,0	100,0
Samtaler med barn og unge	4,0	30,8	5,0	38,5	3,0	23,1	1,0	7,7	13,0	100,0
Vitenskapsteori og metode	-	-	5,0	41,7	6,0	50,0	1,0	8,3	12,0	100,0
Sum	11,0	21,2	18,0	34,6	18,0	34,6	5,0	9,6	52,0	100,0

Fra 1. aug. 2015 har vi endret karakterrapportene til å inkludere etterrapporterte karakterdata i årganger f.o.m. 2011.
 Rekker der verdien er mindre enn 5 vises med *.
 Link: http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/student/karakter_rapport.cfm
 Kilde: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD)

Merknad: Revidert studieplan frå 2012 med verknad frå hausten 2013.

Tabell 4.7 Karakterfordeling for 2014

Valgte variabler:

Årstall: 2014 **Semester:** Hele Året **Finans:** Egenfinansiert **Studentkategori:** Studenter **Studienivå:** Alle studienivå

Universiteter ▶ Universitetet i Bergen ▶ Det psykologiske fakultet ▶ Hemil-senteret ▶ Masterprogram i barnevern

Emne	Karakter a		Karakter b		Karakter c		Karakter d		Total	
	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt
Barnet som rettighetsbærer i barnevernet	5,0	45,5	4,0	36,4	2,0	18,2	-	-	11,0	100,0
Childhood and Parenting in Diverse Contexts	3,0	33,3	2,0	22,2	4,0	44,4	-	-	9,0	100,0
Fordypning i metode, etikk og prosjektplan	1,0	9,1	6,0	54,5	4,0	36,4	-	-	11,0	100,0
Masteroppgave i barnevern	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*
Masteroppgave i barnevern	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*
Masteroppgave i barnevern	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*
Social Justice, Equity and Welfare in a Comparative Perspective	*	*	*	*	*	*	*	*	*	*
Tiltak i barnevernet, implementering og evaluering	1,0	9,1	7,0	63,6	3,0	27,3	-	-	11,0	100,0
Sum	10,0	20,0	21,0	42,0	17,0	34,0	2,0	4,0	50,0	100,0

Fra 1. aug. 2015 har vi endret karakterrapportene til å inkludere etterrapporterte karakterdata i årganger f.o.m. 2011.

Rekker der verdien er mindre enn 5 vises med *.

Link: http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/student/karakter_rapport.cfm

Kilde: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD)

Tabell 4.8 Karakterfordeling for 2015

Valgte variabler:

Årstall: 2015 **Semester:** Hele Året **Finans:** Egenfinansiert **Studentkategori:** Studenter **Studienivå:** Alle studienivå

Universiteter ▶ Universitetet i Bergen ▶ Det psykologiske fakultet ▶ Hemil-senteret ▶ Masterprogram i barnevern

Emne	Karakter a		Karakter b		Karakter c		Karakter d		Total	
	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt	Antall totalt	Prosent totalt
Masteroppgave i barnevern	2,0	22,2	5,0	55,6	1,0	11,1	1,0	11,1	9,0	100,0
Sum	2,0	22,2	5,0	55,6	1,0	11,1	1,0	11,1	9,0	100,0

Fra 1. aug. 2015 har vi endret karakterrapportene til å inkludere etterrapporterte karakterdata i årganger f.o.m. 2011.

Rekker der verdien er mindre enn 5 vises med *.

Link: http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/student/karakter_rapport.cfm

Kilde: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD)

Tabell 4.8 syner karakterfordelinga for eksamenar som er rapportert inn til DBH innan 15. oktober 2015.

Merknad: Revidert studieplan frå 2014 med verknad frå hausten 2015.

Fullførte studieprogram og fråfall:

Fullført studieprogram:

	Fullførte totalt
2011	19
2012	4
2013	11
2014	8
2015	9

Tala på fullførte i 2013 og 2015 kan sjåast i samband med talet på studentar som møtte opp høvesvis hausten 2011 (17) og 2013 (14). I tillegg må tala i tabellen sjåast i samband med at studentar kan ha rettighetspermisjon, innvilga redusert studieprogresjon eller vera forseinka.

5. Ressurstilgang

For tida har studiet tre faste stillingar. I samband med at studiet fom 2015 skal ha opptak kvart år, får studiet ein ny fast stilling (skal tiltre pr. 1 aug. 2016). Me ser for oss ein utfordrande ressursituasjon, spesielt frå og med haustsemesteret 2016, med 22 studentar som skal skriva masteroppgåve parallelt med full undervisning på nytt kull. Noko av dette kan løysast med felles undervisning med master i helsefremjande arbeid, men det kan framleis bli behov for å kjøpa inn rettleiingsressursar til masteroppgåver, og noko ekstern undervisning på utvalde emne.

Omorganisering av studiekoordinatorverksemda, som betyr at ansvarleg studiekoordinator for masterprogrammet er «tilbakeført» til instituttet, også med tanke på kontorplass, trur me blir veldig positivt for drifta av programmet og tilbodet til studentane.

6. Kommenterar til studentevalueringane

Overordna, får programmet gode tilbakemeldingar frå studentane. Ulike innspel vert vurdert når ulike emne blir planlagt på nytt. Dette kan for eksempel vera knytt til litteraturval, logistikk (rekkefølge på undervisning og det å få innpassa arbeidskrav med tanke på relevant undervisning) og nokre gonger litt lange undervisningsøkter. Dette med logistikkutfordringar heng ofte saman med det å ha samlingsbasert undervisning.

Studentane trekkjer ofte fram kurset om samtalar med barn og bruk av KARK som læringsplattform som særleg positivt.

7. Studieinformasjon og dokumentasjon

Informasjon om studieprogrammet er tilgjengelig for studentane på UiB sine nettsider og på Mi side. Studentane får også munnleg og skriftleg studieinformasjon frå informasjonscenteret ved fakultetet.

Når emnet MABARN351 Masteroppgåve i barnevern er fullført og greidd, kan studentane sjølv tinga vitnemål med Diploma Supplement. Studentane kan også tinga karakterutskrift undervegs i studiane etter eige ønske.

8. Tilgang til digitale ressursar og hjelpemiddel

Alle studentar ved UiB har tilgang til omfattande digitale ressursar og hjelpemiddel når dei har opna konto, semesterregistrert seg og betalt semesteravgifta.

Alle studentane har epost gjennom UiB og tilgang til PC-rom ved fakultetet. Studentane kan også nytta egne digitale plattformer med tilkoping til UiBs nettverk. Det er også moglegheit for å kopla seg opp til UiBs nettverk utanfor campus for å få tilgang til digitale ressursar. Studentane har tilgang til ein del gratis programvare som dei kan lasta ned frå IT-avdelinga sine sider.

Universitetsbiblioteket gir studentane tilgang til litteratur frå dei mange databasane dei har. Studentane får opplæring i søk i desse databasane. Gjennom BORA har studentane (og andre interesserte) også tilgang til mellom anna masteroppgåver som andre studentar har skrive.

Studentane leverer øvingsoppgåver elektronisk i Kark, som dei får tilgang til gjennom Mi side. Her får dei også tilbakemelding på oppgåvene sine frå lærarar og/eller medstudentar. Heimeeksamenar og essay blir levert elektronisk gjennom Mi side.

9. Programleiar si vurdering og forslag til forbetringar

Ved programmet er det det siste året blitt jobba aktivt med studiekvalitetsforbetring og betre utnytting av ressursane på tvers av studieprogramma ved instituttet. Felles metodemodular for barnevern og helsefremjande arbeid blir no gjennomført for første gong. Studiet har vidareutvikla valfri modul, MABARN316, og utvida denne til 10 sp. I tillegg er tilbodet utvida, ved at våre studentar no alternativt kan velja ytterlegare ein modul i regi av master i helsefremjande arbeid, HEFR342. Det me først og fremst vil ha fokus på i nær framtid, er evaluering og vidare kvalitetssikring av alle dei ganske omfattande endringane som er gjort i samband med nyleg revidert studieplan. I tillegg vil me arbeida med kvalitetssikring av opplegg og arbeid med masteroppgåva, noko me vil gjera i tett samarbeid med master i helsefremmande arbeid.

I tillegg har studiet utvida opptaksgrunnlaget, som gjer at me har fått ei mykje meir variert studentgruppe. Det må evaluerast på kva måte og i kva grad dette må få tyding for opplegg og

innhald. I utgangspunktet er vårt studie utvikla og lagt opp med utgangspunkt i at studentane har bachelor i sosialt arbeid, barnevern eller vernepleie.

10. Samanfating

Ved HEMIL er det blitt tatt mange skritt siste året i retning av å kvalitetssikra og samordna studietilbod og ressursar. Dette arbeidet vil me fortsetja med.

Ved master i barnevern er det eit ønske om fleire valmoglegheiter, særlig med tanke på meir «ferdighetsbaserte» emne (tettare knytt til konkrete praksisutfordringar). For eksempel meir om samtaler med barn og kommunikasjon med vaksne, arbeid med etniske minoritetar, konfliktmekling, fosterheimsarbeid etc. Dette er noko som praksisfeltet etterspør. Det vil kunne bli tatt som ein del av ein master eller som frittstående kurs. Det kan og vera ein tanke å ha ein parallell erfaringsbasert master, med mindre masteroppgåve og meir undervisning. Alt dette har sjølv sagt store ressursmessige følgjer, men me trur at det er ein stor marknad her, jf. den pågåande diskusjonen om kompetanse i barnevernet.